

Lingalaks AS
Lingavegen 206
5630 Strandebarm

Austrheim kommune,
Sætre marka 2,
5943 Austrheim

Kvam 29. juni 2016

VEDR VÅRT TIDLIGARE INNSPEL TIL AUSTRHEIM KOMMUNE SIN AREALPLAN

Lingalaks AS syner til tidligare korespondanse og samtale vedr vårt innspel til Austrheim kommune sin arealplan, og vil med dette bekrefte vårt innspel vedr utviding av vår lokalitet på Jibbersholmane.

Denne lokaliteten ligg i dag i sin heilthet i Radøy kommune, men som kjent ynskjer me å flytta dette anlegget noko meir ut i fjorden. Det er viktig for oss no i denne runden og også syta for at ein set av nok areal i arealplanen, slik at ein ikkje i farmtida lyt søka om dispensasjonar, det er som kjent eit sterkt ynskje om at utviklinga i havbruk skal skje gjennom gode arealplanar. Utviklinga i havbruksnæringa går svært fort og ny teknologi og nye måtar å produsera på vert stadig tatt i bruk. Det er viktig at kommunen då er farmtidsretta og set av nok areal.

Jibbersholmane vil som det framkjem av den vedlagte dokumentasjonen ein svært god lokalitet med straumforhold og djup som gjer dette til ein lokalitet som kan tola relativt stor belastning utan at dette får for store konsekvensar for det ytre miljøet.

På det vedlagte kartet vil de sjå at lokaliteten i vårt nye forslag vert liggjande omtrent midt mellom Austrheim kommune og Radøy kommune. Radøy kommune har signalisert at dei ynskjer å støtta ei slik plassering som er omsøkt. Me vonar Austrheim kommune vil leggja seg på same praksis. Lingalaks AS vil stilla seg til disposisjon for ytterligare samtale om denne saka skull det være naudsynt. Dersom kommunen har behov for ytterligare dokumentasjon i denne saka er me innstilt på å framskaffa den dokumentasjon som vert krevd.

Kjetil Hestad
Samfunnskontakt
Lingalaks AS